

Skogen sin diktar.

Sven Moren.

AV SIGRUN OKKENHAUG

I.

Folk les mykje no for tida. Eit utal med avisor, magasin, tidskrift og bøker. Les — og gløymer det meste. Ein gløymer mykje godt det som ikkje burde gløymast òg. Kan henda fordi all den lett kjøpte lesnaden legg seg som ei skodde over minnet og tankelivet.

Det hender likevel at eit og anna av det ein les sett seg fast. Ei bok blir liggjande i minnet og

møtt ein gong. Den boka blir gjerne ein fullgod ven seinare fram gjenom livet. Med kvart møter ein vel mange slike vener, som gjer livet rikare — og lettare òg, fordi dei lærer oss mykje av skynsemd med kvart.

Som ung gjente fekk eg tak i ei bok «Storskogen» av Sven Moren. Eg las mykje den tid, likt og ulikt, alt eg kom over helst — las og levde med i det eg las slik som

eg gløynde det meste tenkjer eg. Men «Storskogen» gløynde eg ikkje. Den vart liggjande der inne i minnet og lysa frå år til år. Det var òg noko for ein ungdom å bli kjend med desse Breibykarane, både han stor-Hako og ho Marit — men serleg han vetl-Hako lel, denne trauste rakryggja bondeguten, som var tru mot det beste i seg sjølv, som ikkje let seg lokka av gullglans og fagre ord. Breidvaksen, trassug, sterk og god vart han noko av eit mannsideal for mang ei unggjente den tid, tenkjer eg.

Det var i 1904 «Storskogen» kom ut. Og det var første gongen eg råka på namnet Sven Moren slik at eg sidan kjendest ved det. — Utpå etterjølsvinteren 1905 heldt adjunkt Schelde ved Levanger lærarskule eit par foredrag um dei nye bøkene som hadde kome til jol. Det var serleg tri bøker han hadde fest seg ved, «Djup jord» av Jens Tvedt, «Fiskaren» av Hovden og «Storskogen» av Moren. Han sa mykje godt um dei alle tri. Um «Storskogen» sa han millom anna: «Det er det med denne boka, at ho er skrive um skogen og bonden av ein som sjølv lever skogbonden sitt liv, av ein som sjølv har si rot djupt i skogen og jorda, ein som av eiga røynsle kjenner den sterke ættekjensla som bind ein bonde til garden og til den jord han odlar. Difor tek denne boka oss so sterkt, difor vil ho koma til å leva vidare — fordi ho er eit stykke levande liv, eit stykke av det Noreg som vi alle elskar».

Det var i 1905 dette, det underlege året då folket var eit folk og såg landet sitt — ikkje berre

bygda og byen eller fylket, men heile Noregs land, det året då kong Håkon Håkonsons kongstanke var levande millom oss. Det var noko å vera ungdom den gongen. Og no eg sit her og minnest, har eg ei kjensle av at Schelde sine bokforedrag ikkje berre var litterære — dei var liksom med og førebudde ungdomshugen til det som skulde henda seinare utover våren og sumaren det året. «Eit stykke Noreg», sa han um «Storskogen», og det var slik ei høgtid over det. — Og Schelde fekk rett — «Storskogen» kom til å leva. Ungdomsflokk etter ungdomsflokk har vakse upp sidan den tid — og enno idag har «Storskogen» same laget sitt til å taka ungdomen, til å verma hugen og få augo til å lysa. Enno hender det nok at ei og onnor unggjenta tenkjer: jau, han vetl-Hako var kar, det!

Dette var første møtet mitt med namnet Sven Moren. Sidan har eg råka burti det mange gonger.

II.

Eg fekk tak i bøker som «Aust or markom», «Raudsjøen», «Svartelva» og fleire — eg hugsar ikkje no kva årstal dei kom kvar for seg; men alltid når eg råka på namnet Sven Moren som bokskrivar, måtte eg tenkja på skogen, på gamal, tung og mørk barskog med botnlause djupner liksom — og med ungsok inn i millom med sol over ljøsgrøne nyrenningar. Ungskogen var Moren stødt vyrk med, kjem det for meg. Jamnast var det skogen han skildra og skogbonden. Blinkarøksa lynte og elva gjekk gul av tømmer i vårflaumen, og endelause låg

Skogen sin diktar.

Framhald frå side 1.

skogviddene med malmfuru og storteller, og gav arbeid og mat åt mange munnar. Men ned gjennom tidene vart det lenger millom stortella og malmfuru, det rasa so mang ein farang til skade for folk og skog.

Fine, vare og vakre kom Moren sine forteljingar; gjennom dei alle kling det ein døkk og djup tone, denne skogen sin underlege song, som berre dei skynar fullt ut som sjølv lever med i all skogen sitt liv. Eg veit ingen som har synt meg skogen slik som Sven Moren har gjort det.

Men med kvart kom gardbrukaren òg med — han som sår kornet sitt um våren i von og bøn, som pløggjer og harvar og tek til kvar vår på nytt, um hausten gav lite og inkje år etter år. Um tankane blir tunge og vonløysa ligg på lur — når våren kjem er der von likevel. Engene lyser imot ein, elva med fossen durar i kveldsstilla, slitet eimar imot ein som sveite — bonden si møda, sin kamp for tilværet, bonden sin elsk til den jord som fostra han, alt det møtte eg i Sven Moren sine bøker.

III.

Det hende ein dag eg fekk tak i ei bok som heitte «Garden og bygda». Det var som å handhelsa på ein gamal ven eg ikkje hadde set på lenge. Der kom han vetl-Hako imot meg, noko eldre, — men like rak og traust som den tid han var ungdom. Og Breibygarden låg og lyste imot meg, trygg og god å koma heim åt som i gamle dagar, — han hørde med i bygda sitt liv. Men det var ikkje berre sol og gode dagar på Breiby, der var kamp — ein tagal, men vond kamp på djupna — med kvart kom bårone upp i dagen, òg i den kampen levde vi med. Frå bok til bok. I «Grøndalsheugen» og «Vegaskil» levde vi med i vetl-Hako sitt liv, i Pål Breiby sin kamp med broren og med sjølv seg. Og gjennom alle bøkene susa skogen sin djupe sorgalle song.

Eg veit ikkje um Sven Moren tenkte å skriva meir um han vetl-Hako den gongen i 1904, då «Storskogen» kom. Kan henda tenkte han det, — kan henda ikkje. For meg ser det helst ut som framhal-



Sven Moren.

det har vakse seg fram med åra — slik at det tvinga seg fram i dagen òg til slutt. Det var ei ung eldsjel som skreiv «Storskogen» i 1904, — det er den vaksne røynde mannen som fylgjer vetl-Hako og Pål vidare fram gjennom livet. Til fall og til siger. Men grunntonen er heile tida den same.

«Garden og bygda» kom tjuge år

etter «Storskogen» — i 1924, «Grøndalskongen» i 1925 og «Vegaskile» i 1926. Eg har tenkt på det, og eg veit mange med meg ynskjer det same — at desse bøkene um Breibykarane, dei måtte kunne samlast og gjevast ut som folkeutgåve, billeg og lett tilgjengeleg for alle. Det er i sanning god folkelesnad.

I 1928 kom «Storvinter og Trollskap», seks stemningsmetta skildringar frå skog og fjell. Les «Fimbulvinter» til dømes de som sit trygge på kontorkrakken og får løna i nevan kvar vikes eller månadsdag. Ho kan bli knapp, løna, og det kan vera mangt ein lyt sakna då òg, og arbeidet kan vera både stridt og keidsamt; men når ein går og tråkkar i snøen og ikkje får arbeid! Og banken står ferdig til å taka den vesle stugu der kjerring og ungar sit og ventar — og nør inne med all si von og all sin taknad! Det går mange slike vonlause kring i bygdene idag, og mang ei kjerring sit og ventar og gruvør for hammerslaget som tek heimen frå henne

og borna. Og ikkje får dei skyss- og diettpengar dei som traskar vegane etter arbeid, nei. Anei. Men desse slitarane kjenner Moren, og han syner dei fram slik at vi òg ser dei og kjenner dei. For det er ikkje berre i Trysilskogane dei finst desse karane — dei finst nok i kvar ei bygd landet rundt. Enno.

IV.

I «Storvinter og Trollskap» skriv Moren ein stad: «Skogen var eg glad i støtt. Kvar eg snudde meg stod han og livde kring garden og meg sjølv og alt mitt. Og alle eventyr som tok barnehugen — frå skogen kom dei og til skogen var dei bundne. Og da eg vart so stor so eg torde våga meg ut på eiga hand — til skogen bar det. Eg gjekk lange vegar utan mål. Eg var trylt og orkå mest ikkje snu.

Men myrane krøkte eg forbi. So snart eg kjende den råkalde gufsen og såg mosen som kraup imot meg laut eg snu. Det vart so audt so eg fælte. Sjølv skogen stod og sturde og illtreivst. Sopp og kjuke vaks oppetter tre som stod og lutte dødsens sjuke over survatsdulpane. Og laus og utrygg var grunnen. Ein kunde sige nedi so djupt so ein aldri kom oppatt.

Lenge før hausten var ventande synte skodde seg. Ho og kom frå myrane. I solrenninga lette ho seg frå kvar ein litin dave som i skogen var. Det rauk kom frå storbyar i vakning.

Det var verst for åkeren som låg soleis til at kaldgane strauk atti han. Ofte stod eg i solsteiken utpå dagen og såg at eplegrase låg visna og svart etter rendene. Eg visste det var skodda eller eit kvart som løynde seg inni skodda Var det ikkje ei gyger som hadde stroke sterten sin atti åkerrendene?

Eg vart vaksen og kunde ikkje lenger krøkje kring myrane. Men

eg lærde åtgjerder både av agromen og forstkandidaten. Og kvar vår når eg såg utkome til det, leigde eg greftegravarar åt myra. Ho skulde til-pers. Skinnvengja skulde tynast. Moseryggen skulde bogne. Og dei stakkars sjuke skogstranglane — som det enno fanst att livsgnist i — skulde livna og rette seg og bli store tre med brune konglar i bare.

Eg kjenner myra. Eg fæler ikkje lenger når eg ser henne. Det er med myra som med styggedo-

men og stakkarsdomen elles. Når ein kjem nære nok, ser ein at ho er betre enn som so. Det er bergingsvon for henne òg, stakkar. Ja. Ho er eventyre i skogen. Ho er prinsessa i gygreham. Og går du til henne i kjærleik, er prinsessa di.

Det låg ei myr og drog seg trast nordom garden vår — lang og smal som ein orm. Og i tidlege haustmorgnar stod kaldgane som eiter over åkrane våre. So gjekk vi på henne med mannemakt, grov grefter rundt ikring henne, flengde kvitmosen, pløygde, brende Ho vart mørk og brun på let og stod vakkert til granskogen rundt ikring. Han far tok såskjeppa og kruggen og sådde. Og på nokre dagar skifte ho let att. Ho kraup heilt ut or hamen. Det vart ei skinnande eng so saftgrøn og frisk so ho gjorde mest skam av skogen.»

Dette er Sven Moren. Skogen og myra og enget som veks fram skinnande saftgrønt og friskt etter nybrottsarbeidet; fordi han gjekk både til skogen og myra og åkeren i kjærleik. — Direktør Hirsch sa ein gong um ei av Moren sine bøker — det var nok «Aust or markom»: «Jeg har aldri før eller siden lest en bok så var og følsom og full av samhug med alt som lever i bondens verden og i bondens sjeleliv». — Ein kan skyna at han sa dette.

Då «Styrkeprøve» kom no til jol 1929, vart «Storvinter og Trollskap» mest som eit førespel til den. Det var som bokskrivaren hadde vilja teke lesaren med inn i skogen først for å syna fram både den og menneskja som levde i og av den, for at han skulde bli kjend med dei og tilhøva — for at han skulde få betre føresetnad for å leva med i «Styrkeprøve». Slik kjendest det.

«Styrkeprøve» er beste boka Moren har skrivne segjest det. Og det er vel tvillaust rett. Ein «arbeidarroman», javel — styrkeprøven mil-lom arbeidar og arbeidsgievar, det er so; men den eigenlege styrkeprøven er vel Erik Kaldberget sin kamp — dei sterke krefter som brytst i eit menneskesinn. På sett og vis er vel boka òg ein styrkeprøve for Moren sjølv, — aldri har han nådd høgare i menneskeskildring, aldri har heller bonden vore meir levande i han og jorda meir krevjande, samstundes som dei rotlause slitarane får sin breide og rettvise plass.

V.

Kva og kven er han so denne mannen som har gjeve folket sitt so mykje godt og vent? Bonde sjølvsgt. Han var ein gong bondegut frå Trysil med utferdslengt i blodet, med kunnskapstorst og livshunger som drivkraft. Han kom ikkje so langt straks — til Elverum gjekk vegen, til seminariet der; det var i lange tider vissaste vegen å gå det for dei unge bondegutar som vilde ut og læra noko. Lærar vart han òg, um enn lengste tida på eit anna vis enn dei fleste som går ut frå eit seminar. Ungdomen flokka han um seg alt tidleg, ikkje berre med bøkene sine og songane sine, men òg med alle dei talar og foredrag han har halde kringum i Noregs land. Han har vore mykje nytta som ferdes- og stemnetalar og han har eit eige lag til å riva ungdomen med seg.

Heilt tidleg kom han med i Noregs ungdomslag — han var med i styret i tjuge år, formann i seks. I Norsk Bokmannslag var han formann i fire år og er enno med i stipendnemnda der. Han var medlem av Forfatterforeningens litterære råd i sekstan år. No har han teke til å segja ifrå seg både det eine og det andre tillitsyrket, — det tek for mykje tid og krefter frå det arbeid som er honom kjærast og som i første rekke er livsyrket hans — diktinga. Han sit då likeveit endå i styret for «Norsk Akademi» og so er han formann i Per Væringsåsens nationalfond, det han lyt vera til sin døyande dag, fordi Væringsåsen sjølv vilde ha det so. I bygdestyringa der heime i Trysil har han (sjølvsgt) og vore med noko.

I 1907 vart han gift med hallinggjenta Gudrid Breien frå Al, — ho er av den vel kjende Skattebøl-ætta. Dei har fire born som lever no — ein gut døyde for eit par år sidan. Den eldste, Halldis, er alt velkjend for den framifrå dikt-

Takk for laget —

vil eg med dette få seie at alle eg har havt noko «ihopstanda'nd» med, i desse tri åra eg har styrt Nidaros Ungdomsblad — eller elevene fjordungsår er det no berre då, nøgje rekna.

Med dette nummeret sluttar eg.
Inge Krokann.

Retting.

I diktet av Sigrun Okkenhaug i førre nr. har siste ordet i fyrste lina på 2. verset vorte «fyller» istadenfor gyller. Dei som har sans for samheng vil elles skyne det er misprenting.

Bladst.

samlinga si «Harpe og dolk», som ho gav ut til jol. Ho har alt vunne seg mange vener kring i landet. Og dei som er glade i fine dikt vil snart finna vegen til henne. Torleiv teiknar — han har vore ved kunstakademiet i Oslo. Det ser soleis ut som kunstnargivnaden går i arv og er eit sterkt islett i ætta. Bondeguten frå Trysil, som vel eingong drøymde um å vinna riket — og prinsessa — han har no vore bonde lenge. Og han veit, og har synt oss andre det òg, at det er i trottigt arbeid og i kjærleik til arbeidet og riket, at riket blir vunne. Han har røynt det heime på garden i arbeidet med jorda og skogen — han har synt oss det i diktinga si, frå «Storskogen» kom med mange rike voner, til «Styrkeprøve» kom no sist med ein vakker siger. ✓

Sven Moren sitt namn var nemnd no nyleg millom dei som burde få diktarløn. Med rette var det nemnd; og vi vonar den tida snart må koma, då han må få full påskyning for det arbeid han har gjort i det norske folket.

Sigrun Okkenhaug.